■ Mer enn hver fjerde nordmann har nå utdanning på universitets- og høgsolenivå, ifølge ferske tall fra Statistisk sentralbyrå (SSB). Utdanningsnivået øker i takt med samfunnsutviklingen, og i 2008 var andelen med grunnskole som høyeste utdanning for første gang i historien under 30 prosent. Men det er store geografiske forskjeller. De høyest utdannede bor i Oslo, der 43 prosent av innbyggerne har høyere utdanning. Hedmark, Oppland, Østfold og Nordland har lavest andel med høyere utdanning.

Endelig ro ved Nasjonalmuseet?

■ At Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design har vært preget av uro etter at det ble samlet til ett museum i 2003, er en kjent sak. Museets tredje direktør Audun Eckhoff ser imidlertid positivt på framtiden, og mener at tilliten i staben er på vei tilbake.

– Med nytt styre, ny direktør og snart også ny ledergruppe har vi et reelt håp om at dette skal bli bra, sier han i et intervju med Museumsnytt.no. – Det hersker i dag overveiende ro i museet, mener direktøren.

Kåret årets diktator

■ Irans øverste leder, ayatolla Ali Khamenei, ble like før jul kåret til Årets diktator 2009 av studenter i Oslo. Over 5000 studenter fra UiO og Handelshøyskolen BI deltok i nettavstemmingen i forkant av kåringen, skriver UniForum. Ifølge initiativtakerne professor Nina Witoszek og forsker Mahmood Amiry-Moghaddam er prisen et forsøk på å motvirke showsiden ved dagens politikk og å styrke studenters engasjement for frihet. Rundt 200 personer møtte opp på Universitetsplassen i Oslo dagen før Nobelprisutdelingen, da vinneren ble annonsert.





– Vi som forskar treng ikkje mykje fritid, seier Anders Gustavsson, professor i kulturhistorie. Her er han i Universitetsbiblioteket i Georg Sverdrups hus, UiO.

– Ingen propp i systemet

– Eg kjenner ikkje på at eg går i vegen for nokon, seier professor Anders Gustavsson ved UiO. Han har ikkje tenkt å slutte i jobben sjølv om han snart fyller 70.

AV JOHANNE LANDSVERK FOTO: ERIK NORRUD





– Forsking er ikkje berre ein jobb. Dette er livet vårt, seier Anders Gustavsson, professor i kulturhistorie ved UiO.

Professorane klarar seg fast til jobbane sine til dei er 70. No ønskjer stadig fleire å stå endå lengre i jobb.

– Det er aldersdiskriminering om vi må gå av berre fordi vi er 70 år. Forsking er ikkje berre ein jobb, det er ein livsstil. Eg synest det er frykteleg om denne livsstilen skal bli avbroten gjennom tvang, berre fordi ein har passert ei bestemt aldersgrense, seier Anders Gustavsson, professor i kulturhistorie ved Institutt for kulturstudium og orientalske språk (IKOS), Universitetet i Oslo (UiO). Om eitt år fyller han 70, men han vil helst ikkje slutte.

– Vi som er eldre forskarar, har lang erfaring og spesialkompetanse, og vi har bygd opp eit stort nettverk med kontaktar blant internasjonale forskarar. Eg meiner det er sløsing med ressursar om ikkje universitetet tek vare på kompetansen vi eldre har opparbeidd, seier han.

– Men tek du ikkje opp plassen til unge som gjerne vil inn i fast stilling?

– Nei, eg kjenner ikkje på at eg går i vegen for nokon. Sjølv om eg går av, veit ein heller ikkje om denne stillinga blir verande her ved instituttet. Stillinga mi kan gå til eit heilt anna fagområde.

– Kjenner meg på topp

Også Karin Gundersen, som er professor i fransk litteratur ved UiO, avviser at eldre professorar sit som proppar i systemet og hindrar dei unge i å få jobb ved universitetet.

– Sjølv om eg går av, finst det ingen garanti for at stillinga blir utlyst, og at nokon yngre tek

– Det er aldersdiskriminering om vi må gå av berre fordi vi fyller 70.

ANDERS GUSTAVSSON, professor ved UiO



– Sjølv om eg går av, finst det ingen garanti for at stillinga blir utlyst.

KARIN GUNDERSEN, professor ved UiO

meir, og vi underviser meir intensivt enn før.

Men heller ikkje Anders Gustavsson har problem med å halde tritt med tempo og teljekant-system.

– Det er no eg har nådd høgdepunktet som forskar. Som alle andre her har eg 50/50 fordeling mellom undervisning og forskning, men eg blir ikkje sliten, seier Gustavsson, som i fjor kom ut med to nye kulturhistoriske bøker.

Og dei to er ikkje aleine om å ville stå løpet ut, for gjennomsnittleg sluttalder for professorar ved UiO er 68 år.

– Det er ekstremt høgt. Ein snittalder på 68 inkluderer at nokre døyr eller går over på uføretrygd, men viser elles at dei fleste professorar sit til dei er 70. Dessutan er det svært liten mobilitet blant arbeidstakarar ved UiO. Er du tilsett her, så blir du verande, seier Johannes Falk Paulsen, assisterande organisasjons- og personaldirektør ved UiO.

Han meiner dette fører til færre moglegheiter for rekruttering samanlikna med andre sektorar.

– Vi ønskjer at arbeidstakarane skal stå lenge i jobb, og vi har jo investert systematisk i kompetansen deira over lang tid. Men vi treng også å fornye kompetansen. Ved nokre institutt er 50 prosent av dei tilsette mellom 60 og 70 år. Så dette er eit dilemma for oss, seier han.

– Vi burde få sjansen

Ane Sandtrø er leiar i Stipendiatororganisasjonene i Norge (SIN), paraplyorganisasjonen som representerer stipendiatar og postdoktorar ved norske høgskolar og universitet. Ho meiner det er bra med god spreiding i alder og erfaring i akademien.

– Vi vil ikkje kaste ut nokon, men det var fint om også vi som sit i mellombelse stillingar, kunne få sjansen, seier Sandtrø, som sjølv er stipendiat ved Noregs veterinærhøgskole.

– Lausungeaksjonen, som aksjonerte mot bruken av mellombelse stillingar, foreslo å gjennføre seniorstipendet, som Forskingsrådet stod bak. Ei slik stipendordning ville kunne gje rom for fleire yngre i forskarstillingane. Om forskarane hadde fått stipend for eksempel frå 64 år, kunne dei likevel halde fram med å forske og gje rettleiing til dei yngre, meiner ho.

Sandtrø meiner den nye pensjonsreforma er eit steg i feil retning for doktorgradsstipendiatane.

– Vi hadde vore betre tent med ei ordning der ein også fekk pensjonspoeng for å studere. Då hadde ikkje dei eldre behovd å sitje så lenge i stillingane for å tene opp nok pensjonspoeng.

– Viktigast å få forske

Og ho får støtte frå Bjarne Hodne, leiar i Forskerforbundet.

– Om lag 30–40 prosent av dei som sit i vitenskapelege stillingar, vil gå av i løpet av fem–sju år, og mange fagmiljø vil få eit dramatisk skifte i arbeidsstokken. Difor må institusjonane ta ansvar for ein seniorpolitikk som tek omsyn til generasjonsskiftet som kjem, seier Hodne.

Han er oppteken av at universiteta må utnytte kompetansen dei eldre har opparbeidd gjennom mange år, men samtidig vere opptekne av rekrutteringsproblematikken.

– Eg meiner det er på tide å gjennføre seniorstipendet som eksisterte for ein del år sidan. Då kunne seniorar med forskarstipend ha gått ut av stillinga i tre år for å forske. Dei eldre ville ha fått behalde arbeidsplassen sin, samtidig som yngre ville ha fått moglegheit til å kome inn. Ei ordning med seniorstipend ville ha ført til mindre press på eldre som føler at dei kanskje burde gått av, meiner Hodne.

Han trur at det viktigaste for mange seniorar ved universiteta er at dei kan få halde fram med å forske.

– Difor må avgått vitenskapleg personale få tilgang til laboratorium, bibliotek og kontorplass. Om infrastrukturen er på plass, vil dei kunne gjennomføre mange av prosjekta sine, og universitetet ville framleis få behalde høg kompetanse. Mange vil også kunne fungere som prosjektleiar eller mentor for andre.

Men Anders Gustavsson meiner det ikkje er nok med kontorplass.

– Det viktige er å få vere ein del av systemet.

Arbeidstakar over 70

- Lov om aldersgrenser for offentlege tenestemenn § 3 opnar for at ei tilsetjingsmyndigheit kan bestemme om ein arbeidstakar skal få fortsetje i stillinga utover aldersgrensa som gjeld.
- Tenesta kan i første omgang bli forlengd i opptil to år, seinare eitt år om gongen, men i alt ikkje utover fem år.
- Dei fleste institutt har eigne ordningar der professor emeritus/emerita kan søke om kontorplass for å fortsetje å forske. Tittelen emeritus/emerita er ein ubeskytta tittel som blir brukt om pensjonerte professorar.
- Pensjonerte arbeidstakarar kan også jobbe for universitetet på timebasis i tillegg til pensjon.

over. Det finst ingen stillingsheimlar lenger, og då kan arbeidsgjevaren bruke ledige lønnsmidlar som han vil. I løpet av dei siste fem åra har eg mista tre kollegaer i fransk litteratur, og ingen av dei har blitt erstatta, fortel Karin Gundersen.

– Viss eg er klar i hovudet, kjem eg nok til å arbeide til eg er 70. Eg ser ingen grunn til å slutte, for eg er lidenskapleg oppteken av faget mitt. Dette er ikkje berre eit arbeid. Og eg kjenner meg ikkje mindre sprudlande no enn for 30 år sidan. Tvert imot er det no eg begynner å få oversikt. Eg kjenner meg på topp reint fagleg, seier ho.

– Men forskarar klagar over stort arbeidspress og lite tid til å forske. Korleis kan de som er eldre, takle dette så bra?

– Ja, det er kanskje eit paradoks. For det har jo blitt meir hektisk her. Universitetet er blitt ei bedrift som må få opp produktiviteten. Vi rettleier

Elles blir ein fort ståande utanfor, og det blir vanskelegare å forske, meiner han.

Feite år etter fylte 67

Etter fylte 67 år går mange professorar nokre feite år i møte, om dei vel å stå i jobb.

– Pensjonssystemet motiverer arbeidstakarar til å sitje lenge. Dei siste åra har 67- og 68-åringane fått utbetalt full folketrygd i tillegg til full lønn, og frå 1. januar 2010 vil denne regelen også gjelde 69-åringane. Og etter fylte 70 kan alle tene kor mykje dei vil i tillegg til pensjon, seier Egil Spangen. Han er pensjonist, men jobbar i tillegg som rådgjevar i pensjonsspørsmål ved UiO.

Spangen kan fortelje at det ikkje er uvanleg at professorar over 67 år tener ein million i året.

– Nokre av dei har 700 000 i lønn og får i tillegg utbetalt full folketrygd, som ofte kan utgjere 300 000 kroner. Med slike økonomiske stimuli er det nesten ingen som ønskjer å gå av tidleg. Pensjonssystemet er laga for at folk skal stå lenge i jobb, men spørsmålet er om regjeringa har tenkt mest på dei lågtlønte og mindre på denne målgruppa, seier Spangen, som også fortel at det er svært lite lønnsamt for professorar å gå av med AFP ved 62 år.

Men for Gustavsson, som gjer alt for å bli verande i jobben, er det ikkje pengane som tel:

– Nei, for meg spelar det økonomiske inga rolle. Eg får berre utbetalt lønn, for eg har berre

– Det er ikkje uvanleg at professorar over 67 år tener ein million i året.

EGIL SPANGEN, pensjonert rådgjevar, UiO

jobba i 12 år i Noreg, og resten i Sverige.

Gustavsson er oppteken av at forskarar begynner å arbeide seint i livet samanlikna med andre arbeidstakarar.

– Svært mange forskarar får ikkje fast stilling før dei er 40–45 år, og då må dei kunne stå i jobb til dei er 75, meiner han.

Etter den nye pensjonsreforma som vil gjelde frå 2011, vil arbeidstakarar kunne tene opp pensjonspoeng fram til fylte 75 år. Fleire politiske parti har også teke til orde for å utvide eller oppheve den faste aldersgrensa på 70 år, men regjeringa har førebels lagt saka på is. Både LO og NHO har vore imot å endre aldersgrensa.

Leiar Bjarne Hodne i Forskerforbundet er skeptisk til eit system der arbeidstakarane sjølve skal finne ut når dei bør gå av.

– Det kan fort gå slik at andre må fortelje deg at du ikkje duger lenger, og det synest eg ikkje noko om, seier Hodne.

– Eg har tru på at aldersgrensa skal vere lik

for alle, så slepp ein å tvile på om ein framleis gjer nytte for seg i jobben. Nokre arbeidstakarar vil kanskje ønskje å fortsetje utover noverande pensjonsalder, men dei vil nok kunne bli oppfatta som proppar i systemet som hindrar nyrekruttering, trur Hodne.

– Ikkje behov for seniortiltak

Forskar Tove I. Midtsundstad ved forskingsinstituttet Fafo er spesialist på pensjonsspørsmål og seniorpolitikk. Ho synest diskusjonen om oppheving av aldersgrensa har fått altfor stor plass i media.

– Det er kanskje fordi professorar og akademikarar er dei flinkaste til å fremje interessene sine. Men behovet for utvida aldersgrense er bare aktuelt for ei svært lita gruppe. Dei fleste går av før dei fyller 67.

– Ser du på professorar og forskarar som privilegerte?

– Ja, dei er jo det. Mange av dei får behalde



– Eg kjenner meg ikkje mindre sprudlande no enn for 30 år sidan, seier professor Karin Gundersen.



– Det hadde vore fint om også vi som sit i mellombelse stillingar, kunne få sjansen, seier stipendiat Ane Sandtrø, som her studerer fiskevirus på laben ved Noregs veterinærhøgskole.

både kontorplassen og kontakten med arbeidsplassen lenge etter at dei har gått av med pensjon. Eg vil hevde at det ikkje er i desse yrkesgruppene behovet for seniortiltak er størst. Det store problemet i dag er alle dei som ikkje eingong maktar å stå i jobb til dei er 62, seier Midtsundstad.

For professorar er ikkje som andre når det gjeld tidleg pensjon. Av 73 professorar som slutta ved UiO i perioden frå 1. juni 2006 til i dag, var det berre fem som gjekk av med AFP.

– Oppseiing er ulovleg

Nyleg la Gustavsson fram eit ønske om å få halde fram i jobben etter fylte 70 år. Men får han det?

– Han har ikkje krav på å få fortsetje, men i lov om aldersgrenser for offentlege tenestemenn heiter det at tilsette over 70 kan halde fram i jobben viss arbeidsgjevaren ønskjer det, seier

Seniorpolitiske tiltak ved UiO

- opnar for fleksibel organisering av oppgåver, som kan innebære at ein større del av arbeidstida kan disponerast til anten undervisning, forskning, formidling, fagleg utvikling e.l.
- opnar for individuell praktisk tilrettelegging av arbeidssituasjonen, tilpassing av kompetanse og etablering av ei rolle som seniorrettleiar eller mentor for nye rekruttar

Kristian Mollestad, hovudtillitsvald i Forskerforbundet ved UiO.

– I første omgang kan ein søkje om å fortsetje i opptil to år, seinare eitt år om gongen, men ikkje lenger enn fem år. Det er tilsettingsutvalet ved fakultetet som kan gjere vedtak om forlenging utover 70 år, fortel han.

Professor emeritus Ivar Bjørgen ved NTNU meiner det er ulovleg å seie opp tilsette berre på grunnlag av alder.

– Ein professor ved NTNU som søkte om å fortsetje i jobben utover aldersgrensa på 70, fekk støtte frå instituttet. Men vedtaket vart overprøvd av universitetet sentralt, seier Bjørgen, som også sit i brukarutvalet hjå Likestillingsombodet.

– NTNU viser til at fakultetet har gjort eit prinsippvedtak om å ikkje godta forlenging, men etter mi meining er dette i strid med lova. Saka er klaga inn for Likestillings- og diskrimineringsnemnda, og vedtaket er prinsipielt viktig, fordi både NTNU og andre universitet har fleire slike saker som ventar på avklaring, fortel han.

Bjørgen viser også til ei undersøking ved NTNU frå 2007, der mange vitskapleg tilsette svarte at dei ønskjer å halde fram i jobben etter dei fyller 70.


Anders Gustavsson er altså ikkje aleine. Mykje tyder på at universiteta er fulle av 60- og 70-åringar som ikkje har lyst til å gje seg den dagen dei skal gå av for aldersgrensa. No ventar Gustavsson spent på svaret frå UiO. ■

Vil du jobbe til du er 70 år?



VIGDIS YSTAD,
professor, Senter for
Ibsen-studium, UiO

– Ja, det trur eg, og aller helst lenger. Det er så mykje eg drøymmer om å ta fatt på, så eg har ikkje lyst til å gje meg. Eg kjem ikkje til å slutte å forske sjølv om eg fyller 70.



TORUNN SELBERG,
professor i kulturvitskap,
Universitetet i Bergen

– Det er vanskeleg å seie ja eller nei til det no, men eg har ingen planar om tidleg pensjonering. Eg trivst godt i jobben, som gjev utfordringar, stor variasjon og fridom. Dessutan liker eg å ha med unge menneske å gjere.



THOR BERNT MELØ,
professor i fysikk, NTNU


– Eg trur nok det, fordi eg trivst, og fordi eg synest jobben er svært interessant. Vi professorar er jo privilegerte. Vi kan styre forskinga sjølve, og så kan vi trekke oss tilbake for å lade opp til undervisninga.

EUROPA

– Sløser bort forskningstalent

■ Kvinnelige forskere er fortsatt en minoritet i Europa. 82 prosent av europeiske professorer er menn, mens andelen mannlige forskere er 70 prosent. Det viser den siste statistikken om kvinner i forskning, She figures, som produseres hvert tredje år av EU-kommisjonen og Helsinkigruppen.

– Denne kjønnsbalansen er et sløseri med talent og muligheter som Europa ikke har råd til, uttaler EUs kommissær for vitenskap og forskning, Janez Potocnik, til Cordis.europa.eu.



SAUDI-ARABIA


Menn og kvinner på samme universitet

■ Ved King Abdullah university of science and technology i Saudi-Arabia skal menn og kvinner nå få studere sammen, melder Universityworldnews.com. Årsaken skal blant annet være ønsket om å rekruttere utenlandske forskere og studenter til universitetet. Samtidig som Saudi-Arabia åpner opp, strammes det inn i Iran. Der er de i ferd med å redusere antallet universiteter hvor menn og kvinner kan studere sammen.

BENIN

Enorm vekst i høgskoler

■ Den store etterspørselen etter høyt utdannet arbeidskraft har ført til at hele 15 private høgskoler har etablert seg i Benin de siste fire årene. Mange av disse er filialer av universiteter i Frankrike, Belgia og Canada, skriver Universityworldnews.com. Doktorgradsprogrammer finnes knapt, ettersom de fleste først og fremst ønsker seg mastergrad, gjerne i bedriftsøkonomi. Det er det de trenger for å få jobb i landets ekspanderende private næringsliv.



DANMARK

Rekrutterer på YouTube


■ Små videosnutter laget av studentene selv er i ferd med å bli danske universiteters viktigste markedsføringstiltak, skriver Information.dk. Filmene legges ut på nettstedet YouTube, slik at de blir tilgjengelige for hele verden. Det naturvitenskapelige fakultetet ved Københavns Universitet har det siste året doblet antallet utenlandske studenter og tilskriver mye av æren til YouTube-filmene. – De har hatt en overveldende effekt, uttaler universitetets kommunikasjonsdirektør Joakim Groth.



IRAN

Kritiserer Neda-stipend

■ Den iranske regjeringen stiller seg kritisk til et nyopprettet stipend ved Queen's College i Oxford. Stipendet er opprettet i Neda Agha-Soltans (bildet) navn og er beregnet på studenter fra Iran som ønsker å studere filosofi. Den 27 år gamle Neda fikk tilnærmet martyrstatus og ble et symbol på demokratibevægelsen i Iran etter at hun ble skutt og drept under demonstrasjonene etter presidentvalget i Iran i 2009. Queen's College' respons til Iran er at det er den som donerer pengene, som avgjør hva stipendet skal kalles.



KINA

Østens «Ivy League»

■ «Ivy League» er en allianse av åtte private, velrenommerte universiteter i USA. Kina danner nå sin egen Ivy League av ni prestisjeuniversiteter, skriver Times Higher Education. Universitetene undertegnet i oktober 2009 en avtale som dreier seg om studentutveksling, samarbeid om forskerutdanning og et felles poengsystem. Den nye gruppen kan ses i sammenheng med regjeringens uttrykte ambisjoner om at landets beste universiteter også skal være blant verdens beste. Kritiske røster påpeker imidlertid at Kina har en lang vei å gå når det gjelder akademisk frihet og korrupsjon.



EU

Ti år med likestilling

■ Rett før jul kunne Helsinki-gruppen for kvinner og forskning (The Helsinki group on women and science) feire ti år med likestillingsarbeid. – Når kvinner dropper ut av forskning, taper forskningen, uttaler Tiia Raudma fra EU-kommisjonen til nettstedet Cordis.europa.eu. Helsinki-gruppen er en møteplass for nasjonale representanter fra alle EU-landene, samt fra landene som er assosierte medlemmer av EUs ramme-program. Gruppen har som mål å fremme likestilling i forskning på europeisk nivå og har fått navn etter sitt første møte i Helsinki.

KINA

Stipend for å lære kinesisk

■ Interessen for å lære kinesisk språk øker over hele verden, skriver Chinaview.cn. For å møte dette behovet har den kinesiske regjeringen etablert et stipend for utenlandske masterstudenter som studerer til å bli kinesisklærere. Stipendet skal deles ut til i overkant av tusen studenter fra mer enn 50 land. Den som mottar stipendet, forplikter seg til å undervise i kinesisk i minst fem år etter endt utdanning.



INDIA

Usikkert for utenlandske etableringer

■ Toppuniversiteter som Yale og Harvard får kanskje likevel ikke etablere seg i India. Det varslede lovforslaget om å tillate utenlandske læresteder å opprette filialer i landet går ikke gjennom som planlagt, skriver Telegraphindia.com. Forslaget skal nå gjennomgås på nytt, og enkelte snakker om at det i realiteten er lagt på is. Dette på tross av at Indias statsminister Manmohan Singh og USAs president Barack Obama nylig snakket varmt om å styrke båndene innenfor høyere utdanning.



STORBRITANNIA


Større, ikke bedre

■ Om en ser bort fra det såkalte gylne triangel, Oxford-Cambridge-London, er forskningen ved flertallet av Storbritannias store eliteuniversiteter ikke bedre enn den som utføres ved de mindre institusjonene. Det kommer fram i en ny britisk undersøkelse som baserer seg på siteringer, skriver Times Higher Education. Samtidig som dette viser at det gylne triangel dominans er formidabel, vender undersøkelsen opp ned på mantraet om at store læresteder automatisk er bedre enn de små.

EUROPA

Lettere for menn

■ For første gang er offentlig forskningsfinansiering i de 27 EU-landene og de seks assosierte landene kartlagt gjennom et kjønnsperspektiv, melder Nordisk institutt for kunnskap om kjønn. Rapporten er utarbeidet av en gruppe oppnevnt av EU-kommisjonen, og har fått navnet «The gender challenge in research funding. Assessing the european national scenes». Den dokumenterer at flere menn enn kvinner søker, får og bestemmer over forskningsbevillinger i Europa. En av konklusjonene er derfor at det er lettere for menn enn for kvinner å gjøre karriere som forsker.



KENYA

Tar opp kampen mot hiv

■ Kenyanske universiteter trapper opp arbeidet for å begrense spredningen av hiv og aids blant sine studenter. Universitetsstudenter regnes blant høyrisikogrupperne for å få viruset, og ny statistikk viser at effekten av det nasjonale programmet mot hiv og aids er svekket. Fordi viruset anses å true landets kunnskapsutvikling, har universitetene nå integrert utdanning om hiv og aids i pensum, skriver Universityworldnews.com.



AFRIKA

Ny avtale med Kina

■ 49 afrikanske land har gått sammen med Kina om en tre-årig plan for strategisk samarbeid innen naturvitenskap, teknikk og bærekraftig utvikling. Planen ble offentliggjort ved det fjerde ministermøtet i Forum on China-Africa cooperation som nylig ble avholdt i Sharm El Sheikh i Egypt. Samarbeidet skal ifølge Universityworldnews.com blant annet innebære 100 felles forsknings- og utviklingsprosjekter, samt stipender til forskningsopphold i Kina for 100 afrikanske postdoktorer.



MUSEUMSDIREKTØREN I TYSSedal TENKJER STORT. EIT KOMPLETT KRAFTANLEGG VAR IKKJE NOK
TIL Å METTE GAUKUNGEN I SØRFJORDEN.

MED MINNET I STØYPESKEIA

RANDI BÅRTVEDT I SAMTALE MED PER ANDERS TODAL
FOTO: PER ANDERS TODAL

– Det er ein klisjé, men det er sant: Skal vi vite kven vi er, må vi kjenne historia. Historia kan vere vår styrke, seier museumsdirektør Randi Bårtvedt¹. Vi møtest midt i hennar eige kulturlandskap, på kontoret i Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM) i Tyssedal i Hardanger. Kraftanlegget frå tidleg 1900-tal ligg her og vitnar om Noregs fødsel som moderne industrinasjon.

– Dette er ikkje nokon periferi! Hardanger har møtt globaliseringa på kaikanten i over 100 år, understrekar Bårtvedt.

Først var det turismen som skaka det gamle bygdesamfunnet seint på 1800-talet. Keisar Wilhelm og engelske lordar stima inn fjorden for å oppleve vestlandsnaturen, hotella spratt fram frå berget. Så kom industrien som henta krafta si frå vatnet i dei bratte fjellsidene, røykla bygdene og kvelte turismen, og saug til seg tusenvis av arbeidrarar. Dette er ein del av Noreg som har lært seg å omstille seg raskt, i takt med skiftande verdskonjunkturar. For Randi Bårtvedt har livet handla om å hjelpe folk til å hugse.

– På morssida stammar eg frå ein fruktgard i Ullensvang, og der vart eg oppteken av lokalhistorie. Da eg var lita, var eg mykje i biblioteket til besten. Eg vart tidleg interessert i menneska som har levd før oss, og kva vi kan lære av dei.

Ho kom inn i museumsbransjen som tenåring, gjennom sommarjobbar på Hardanger folkemuseum. Hovudoppgåva hennar i etnologi frå Universitetet i Bergen handla om korleis den tidlege turismen prega bygdesamfunna i Hardanger. Oppgåva bar den mektige tittelen «Vor gode bræ også i sommer beskuet af høifornemme øine».

– Tenk at 60 prosent av alle turistar til Noreg kom til Odda! I utlandet var dette den mest kjende staden i Noreg. Eg prøvde å leve meg inn i korleis turismen endra liva til folk i Hardanger. Eg var interessert i korleis møta med turistane arta seg.

Bårtvedt fortel med entusiasme om menneskemøte mellom lakselord og kleppar, mellom keisar Wilhelm og fjellførarane, om husmannsguten frå Odda som vart butler i Oxford, og om jentene som jobba på hotella og måtte tole å bli kalla turishorer, men tente gode pengar og slapp å stå og hesje i regnet.

– Da eg skreiv oppgåva mi, var det dessverre nesten ingen att som

hugsa den store turisttida her. Av etnologien lærte eg kor viktig det er å dokumentere samtida, på måtar som journalistikken ikkje gjer det. Eg har lært enormt mykje av å snakke med menneske om liva deira. Det får eg dessverre ikkje så mykje tid til lenger.

Det vart ingen doktorgrad på Bårtvedt. Det skal ho kanskje vere glad for. For etter hovudfaget fekk ho jobben som skulle definere karrieren hennar, som leiar for eit forprosjekt til ein ukjend storleik kalla «Odda industristadmuseum og arkiv», og som enda opp som dagens vasskraft- og industristadmuseum.

Yrkeslivet til Bårtvedt kan likne ein lang kamp mot rivingsvedtak. Det første fredingsprosjektet ho kasta seg inn i, handla om nokre rivingsklare arbeidarbustader i Odda.

– Det var eit pionerarbeid. Vi berga husa og innreidde bustadene slik dei var, og intervjuar folk som hadde budd der før. Dei fortalde om liva sine og om arbeidet på smelteverket.

– *Korleis reagerte folk på at kvardagslivet deira vart studieobjekt?*

– Dei fleste vart glade og stolte over interessa. Slik vil eg at museumsverksemd skal vere,

midt i liva til folk.

Den største triumfen til Bårtvedt var vernet og restaureringa av det nedlagde kraftanlegget i Tyssedal. Anlegget vart freda av Riksantikvaren i 2000, og den staselege kraftstasjonen teikna av Thorvald Astrup og Victor Nordan er sjølv juvelen til museet.

– Det var masse motstand. Vi fekk høyre at vi var til hinder for næringsverksemda, det fanst planar om å rive ut innmaten av kraftstasjonen for å lage oppdrettsanlegg i hallen.

Nær 47 millionar kroner kosta restaureringa, eit spleiselag med Miljøverndepartementet som største bidragsytar.

– *Har du ei oppskrift på korleis andre stormannsgalne kulturvernarar bør gå fram?*

– Somme kallar meg gaukungen i Sørfjorden, seier Bårtvedt leande, og viser til at den etter mange sitt syn glupske verneviljen ikkje berre har gjeve ho vener.

– Men det nyttar ikkje å smile seg til noko. Du må få fram verdiane som ligg i ein stad, du må få andre til å sjå dei og skape entusiasme. Du må ha eit styre med visjonar og kunnskap å støtte deg på. Du må byggje nettverk – her i Tyssedal fekk vi Statkraft, NVE og LO med på laget. Og du må knyte til deg folk på alle felt som kan meir enn du sjølv gjer. No er vi

¹ Randi Bårtvedt er 51 år gammal og kjem frå Odda. Ho har leidd Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum sidan museet opna i Tyssedal i 1994, da under namnet Vestnorsk Industristadmuseum.

ein stor arbeidsplass, med 26 årsverk i fjor.

Men trass i suksessen i Tyssedal var ikkje gaukungen mett. Da smelteverket i Odda vart lagt ned i 2003, såg ho konturane av noko verkeleg stort. Heile produksjonslina til det enorme karbidverket kunne bli eit kulturminne. Etter innspel frå fylkeskonservatoren tok Bårtvedt og likesinna til å førebu ein felles søknad om Unesco-status for industrianlegga i Odda og Tyssedal og kraftstasjonen på Rjukan.

Striden i Odda vart lang og til tider absurd. Skjellsorda skralla mellom fjellsidene, det var ekspertfråsegner, eldspåsetjing, underskriftslistar, folkerøysting, mange år med politisk vingling – og ein av dei få folkeaksjonane i verda *mot* ein søknad om Unesco-status².

Denne gongen strekte ikkje entusiasmen, nettverket og lobbyisttalenet til Bårtvedt heilt til. Den største omnen på smelteverket er no verna av Riksantikvaren. Men to andre omnshus som var del av produksjonslina, klarte ikkje Bårtvedt å berge, sjølv om ho nærast la seg fysisk i vegen for anleggsmaskinene da dei kom for å rive sist sommar.

– At den gamle produksjonslina vart broten, er det største kulturminnetapet for Odda i mi tid.

– *Kvifor gjekk det som det gjekk?*

– Det heng saman med samfunnsendringane her dei siste 20 åra. Folketalet har gått ned, og mange arbeidsplassar har gått tapt. Etter at smelteverket gjekk konkurs, var folk veldig ivrige på ny næringsverksemd, og det skjøner eg godt. «Odda skal faen ikkje bli noko museum», heitte det. Men det kom jo ingen ny industri på tomte. Ingen legg store industriedrifter midt i ein by i våre dagar. Det vi fekk, var fem år med stripping av alt som kunne seljast frå konkursbuet, utan at lokalsamfunnet fekk ei krone. No blir det eit kjøpesenter som skal styrkje Odda.

– *Debatten var kokkeheit her. Har du fått mange anonyme telefonrugsmaal?*

– Nei, da. Men eg vart jo eit symbol for den eine sida i striden, så eg har fått merke det. Eg har høyrte om folk som meinte at ein «skulle ha skote ho der Bårtvedt», og at eg var den «største ulukka» for Odda. Men eg har fått flest positive tilbakemeldingar.

– *Det er vel lettare å få verna fine ting? Kraftstasjonen her i Tyssedal er eit praktverk i jugendstil, smelteverket i Odda er eit monster?*

– Ja, kanskje er det slik. Kraftstasjonen var finare utanpå. Smelteverket er liksom den stygge søstera, ein grå dinosaur på bøane i Odda. Men kva er no eigentleg stygt? Smelteverket har karakter, det!

Kva som blir slutten på Odda-prosessen³, står att å sjå. Bårtvedt drøymmer om store kulturarrangement på det som blir att av smelteverkstomta, bada i flaumlys frå fjellsida. Men eigentleg har ho meir enn nok med ansvaret som ligg på museet i Tyssedal, «eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskraftshistorie og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring». Og kanskje har ansvaret med å ta vare på dei svære anlegga gått på kostnad av kunnskapsutviklinga. Trass i dei 26 årsverka sine har museet berre ei halv forskarstilling, og forskaren er for tida utleigd til Noregs Handelshøgskule.

– Forskinga vår er dessverre forsømd. Vi har for lite ressursar til dette, og er avhengige av prosjektinntekter. Ei styrkt grunnfinansiering er heilt avgjerande. Vi kan samle og arkivere materiale, men forskning er viktig for truverdet vårt også som formidlarar. Dette museet kan skaffe fram ny kunnskap til Noreg, og vi er «samfunnsagerande», slik museumsmeldinga sa at musea skal vere. Men det kostar, seier Bårtvedt.

– I meldinga heitte det òg at musea skal drive meir fagleg arbeid. Men om vi ikkje får meir midlar snarast, må vi i staden trappe ned verksemda vår. Det er først og fremst Kulturdepartementet eg er skuffa over.

– *Lat oss snakke generelt om kulturminnevern. Kva er verdien av å hugse?*

– Det gjev tryggleik å vite kor du kjem frå. Tenk på Odda: Industrien der har skapt store verdiar for landet. Om du kappar vekk den historia, kva

2 Med 51 mot 49 prosent sa folket i Odda nei til Unesco-søknad i 2007. Etterpå ombestemde kommunestyret seg og sa ja til Unesco-søknad likevel. Men sist sommar godkjende kommunen riving av to av omnshusa som skulle vere med i Unesco-søknaden.

3 Opphavg var «Odda-prosessen» ein metode for industriproduksjon av nitrogenbasert kunstgjødsel. No er det namnet på eitt av 11 pilotprosjekt i programmet «Kulturminne og verdiskaping», som skal bidra til at kulturminne blir nytta i utviklinga av lokalsamfunn og næringsliv.



har da denne staden å fare med? Odda har karakteren til ein industriby, med alt det inneber av kreativitet og modernitet. Det må først vidare i ei ny tid. Vi som er barn av industrien her, kan vere stolte av historia og all fagkunnskapen på denne staden. Kvifor skulle vi ikkje fortelje om det?

– *Men kan ein eigentleg hugse fortida gjennom kulturminne? Fortida er eit framand land, og kulturminne blir fort simulakra – døde kopiar av noko som vi ikkje eigentleg kan skjøne?*

– Eg er heilt samd. Difor må vi snakke til og med dagens menneske. Vi må syne at vi står i ei rekkje, nokon var her før oss, det kjem nokon etter oss. Eg drøymmer om å lage dokumentasjon på levande industriedrifter som Odda Plast. Vi kan ikkje leike gamledagar med rallarromantikk og alt det der, slikt synest eg er heilt pyton. Men eg er oppteken av dokumentasjon som fortel om kva vi er i dag, og kva vi vil vere i framtida, seier Bårtvedt.

– *I romanen Grøftetildragelsesmysteriet av Thure Erik Lund slit hovupersonen med å skrive ei «betenkning» om norske kulturminne. Han kjenner at all autentisitet går tapt når noko blir gjort til kulturminne. Har du kjent på det ubehaget?*

– Ja, det hender eg gjer det. Og eg saknar smelteverket med menneska, alt lyset og lydane, der far min og alle i nabolaget hadde jobba. Smelteverket sette oss i samband med verda. Odda hadde Noregs femte største hamn i tonnasje.

– *Vesenet til moderniteten er å byggje og rive, smelte om metall og samfunn.*



Med Marx: Alt som er fast, fordampar. Eller i Odda-varianten: Riv skiten! Er ikkje vern av smelteverket i Odda i strid med tankegangen som skapte det?

– Det kan du nok seie. Men det mest vellukka kulturminnevernet er vern gjennom bruk, og ein må vere kreativ. Dette museet er til dømes varma opp med kjølevatn frå ilmenittverket her oppe. Om ein brukar teknologien til å gjere ting levande og lage nye arenaer, kan ein lukkast. Nokre ting må bevarast i sin heilskap, som omnane til smelteverket. Men ved sida av kan det liggje eit nytt forskingsinstitutt.

– Det verkar lettare å få til vern av førmoderne kulturminne. Kan det vere at vi eigentleg ikkje vil vite kor velstanden vår kjem frå, at vi ikkje vil kjenne dei skitne detaljane?

– Det kan vere. Mange som høyrer ordet industri, tenkjer berre på subsidiar og ureining. Ein kunsthistorikar som kjem frå Oslo for å vurdere ein fabrikk som kulturminne, skjøner neppe fabrikkens vesen. Det han ser, er ein industriruin og kjempestore vedlikehaldsutgifter, og han kjenner seg avmektig. Ein kunsthistorikar som var i Odda, sa det rett ut: «Dette forstår eg meg ikkje på.»

– No som Kulturminneåret er slutt, korleis vil du oppsummere det?

– Året hadde i alle fall ein sprek start, som sette kulturminneomgre-

pet under debatt. Eg likte spørsmål som «Kan hallodamer vere kulturminne?». Eg trur dei fleste har fått ein betre ide om kulturminne av dette året. Så er det spreidd ein del midlar ut over heile landet, men dei store prosjekta har det ikkje vore så mykje av.

I Forskerforum har somme fagfolk kritisert Kulturminneåret for å vatne ut kulturminneomgrepet. Bårtvedt er ikkje samd.

– Eg synest berre det er spennande at vi diskuterer det, og eg trur berre det har gjort folk meir medvitne. Kanskje ser eg det slik fordi eg er etnolog? Kulturminne er langt meir enn arealforvaltning og bygningsvern.

– Også vitsar er kulturminne, presterte Erik Solheim å seie i Kulturminneåret. Kan alt menneskeleg vere kulturminne?

– Nei, det er vel å trekkje det litt langt. Kulturminnelova har i alle fall ikkje noka tilskotsordning for vitsekultur. Ein kan jo seie at alt menneske gjer, er kultur. Men ikkje alt er like minneverdig. ■

– Eg har høyrte om folk som meinte at ein «skulle ha skote ho der Bårtvedt».

KVEN: Ingrid Aarset, Avdeling for spesialisert kunst ved Kunsthøgskolen i Bergen

KVA: Kvar finn vi «det kostelege», slik vi kjenner det frå renessansekunstverk, i dag? Korleis kommuniserer samtida det kostelege eller kostbare?

KORLEIS: Tekstilkunst, eksperimentering med tekstile uttrykk og prosessar, basert på studium av rennessansemåleri og tekstilar

AV KJERSTIN GJENGEDAL

Luksusproblem

Eit blondemønster er skore ut av silke med laserkniv, slik at det underliggende laget kjem til syne. Detalj frå eit arbeid kalla «Fortrolighet». (Foto: Ingrid Aarset)



PROSJEKT: «Det kostelege» – tekstilar i rennessansemåleri som kjelde til inspirasjon. INSTITUSJON: Kunsthøgskolen i Bergen. FAGRETNING: Tekstil. FINANSIERING: Kunsthøgskolen i Bergen, støtte til forprosjekt, oppfølgingssøknad for tida inne til vurdering. UUNNVERLEG VERKTØY: Datamaskin, laserkuttar. PUBLISERINGSFORM: Utstilling, bok. NY KUNNSKAP: Ønskjer å lage store, romlege tekstilar, så dei materialiserte resultat vil vere det viktigaste.



Kan den tekstile luksusen vi kjenner frå renessansen, skapast ved hjelp av moderne teknikkar? Det handlar prosjektet til tekstilkunstnar Ingrid Aarset om. (Foto: Kjerstin Gjengedal)

I Louvre-museet i Paris heng eit målarstykk av den nederlandske renessansemålaren Jan van Eyck. Måleriet viser Madonna som presenterer Jesusbarnet for kanslaren Nicolas Rolin, som bestilte arbeidet hjå van Eyck.

Kunsthistorikarane har hatt mykje å seie om biletet, frå posituren til personane, der jomfru Maria ofte blir likna med eit alter, til symbolikken i arkitektur og landskap. Men det er sagt påfallande lite om dei fantastiske kleda som jomfru Maria og kanslaren har på seg. Ho er kledd i ei tung, skinande raud kappe som er drapert om henne i generøse foldar, og kanta med perler og glimesteinar. Kappa til kanslaren er laga av eit stoff med overdådig mønster, og har pels langs hals- og ermekantane.

Gløymd sanselegheit

Det finst mange andre målarstykk frå same periode som er prega av den same detaljrike attgjevinga av dyre og luksuriøse tekstilar, men kunsthistoria har hatt fint lite å seie om desse tekstilane.

– Tekstiluttrykket er det første eg festar meg ved i desse bileta, men når eg les om dei, finn eg lite materiale om tekstilane. Eg meiner tekstilar tilfører biletet eit veldig sanseleg uttrykk og seier mykje om statusen og autoriteten til personane, men i kunsthistoria har ein vore meir oppteken av perspektiv, lyskjelder, arkitektur og biletsymbolikk, seier tekstilkunstnar Ingrid Aarset.

Aarset underviser og forskar ved avdelinga for spesialisert kunst ved Kunsthøgskolen i Bergen, der ho har gjort «det kostelege» til tema for forskinga si. Kunstnarisk forskings- og utviklingsarbeid har fått gradvis større merksemd ved Kunsthøgskolen, og alle tilsette skal no bruke delar av stillinga si til kunstfagleg forskning. I tillegg vedtok regjeringa i 2003 å

etablere eit stipendprogram for kunstnarisk utviklingsarbeid, som ein parallell til doktorgradsutdanninga i andre fag. Programmet blir koordinert av Kunsthøgskolen i Bergen og skal gje førstepersonens kompetanse.

Forskar og utøvar

Sjølv er Aarset tilsett i femti prosent stilling ved Kunsthøgskolen. Resten av tida jobbar ho som utøvande kunstnar i atelieret sitt på kulturhuset USF Verftet i Bergen. For å utnytte forskingstida godt har ho difor valt eit prosjekt som ligg nær opp til arbeidet som kunstnar.

– Som utøvande kunstnar jobbar ein gjerne ut frå ein overordna idé eller eit konsept. Skal ein forske, må ein strukturere dette på ein litt annan måte, men eg nyttar forskinga til å gjere ting eg gjerne ville ha gjort uansett. For at kunstnarisk forskning skal bli spennande, trur eg det må knytast til målet ein har med å vere utøvar. Ved å gjere eit forskingsprosjekt av det

får eg dokumentert og formidla kva eg gjer på ein betre måte, og eg kan søke om prosjektstøtte som eg kan bruke til å reise meir, sjå fleire verk, reise på konferansar og liknande, fortel ho.

Med utgangspunkt i tekstilane i renessansemåleri laga av gamle meistarar som van Eyck og Hans Holbein arbeider ho med mønster og stoffstruktur som går att i tekstilhistoria.

– Holbein og van Eyck vart også hyra inn til å lage veggmåleri og dekorere banner for dei europeiske kongehusa. I målarstykk deira kan ein, etter mi meining, sjå at dei var svært medvitne om kva funksjon tekstil og interiør hadde, og eg meiner dette gjev måleria deira ein ekstra dimensjon. I århundra etterpå har andre late seg inspirere, og eg vil vere eit ledd i denne kjeda.

Frå måleri til møbeltrekk

Ho finn fram eit anna bilete, «Korsnedtakinga» av Rogier van der Weyden, ein samtidig av van Eyck. Biletet viser Jesus som blir teken ned frå krossen. Det er prega av sorg og dramatikk, men personane er kledde i luksuriøse, rikelege gevantar, som understrekar posituren deira.

– Eg trur bilete som dette har hatt mykje å seie for tekstildesign. Mønster frå slike måleri går att opp gjennom historia på alt frå madrass- og møbeltrekk til tapet, dei er blitt velbrukte og daglegdagse. Spørsmålet blir om dei kan hevast og på nytt bli assosiert med det eg kallar «det kostelege», funderer ho.

Aarset nyttar dei gamle mønstera og teksturane som inspirasjon, snarare enn å prøve å skape det same som ho ser i måleria.

– Ein del av dei flottaste tekstilane let seg ikkje reprodusere i dag, dei er unike. Målet mitt er ikkje å lære meg teknikkane for å produsere stoff slik dei gjorde det den gongen, men snarare lage mine egne tolkingar av dei. Sam-

«Det kostelege»

- Nyttar renessansemåleri som inspirasjon til å utforske «det kostelege» i tekstile materiale og teknikkar
- Brukar teknikkar som silketrykk, laser-kutting og kjemiske prosessar for å framstille tekstil som kan kommunisere «det kostelege» i eit moderne samfunn
- Skal etter planen munne ut i ei bok og ei utstilling ved Sogn og Fjordane kunstmuseum i 2011, i samarbeid med to kollegaer



Dette er ei såkalla djup blonde: Fleire lag med utskore stoff er lagt oppå kvarandre for å gje inntrykk av volum. (Foto: Ingrid Aarset)

stundes er nokre av teknikkane vi underviser i her på skolen, så arbeidskrevjande og spesielle at det blir ein nisjeaktivitet, det er svært få som kan bruke dei.

Mønster med laserpresisjon

I arbeidet med å finne essensen i det kostelege eksperimenterer ho med struktur og teknikkar, mønster og volum. Mellom anna nyttar ho seg av skolen si nyaste stoltheit, ein laserkuttar som kan skjere ut intrikate mønster etter digitale anvisingar frå kunstnaren. Aarset har prøvd seg fram med laserkuttaren og tolka mønster frå renessansemåleria ved hjelp av fleire lag med tekstil der dei øvste har utskore mønster slik at dei bakre laga kjem til syne.

– Det er ting som tyder på at forløparane til dekonstruksjon i mote og arkitektur oppsto i renessansen. Eitt av dei merkelegaste fenomena i motehistoria er trenden med å lage kutt og hol i kleda slik at underliggande lag med stoff kom fram. Det er blitt hevda at dette skjedde i kjølvatnet av eit slag i 1477 der hertugen av Burgund vart drepent og dei sveitsiske og tyske sigrande soldatane lappa kleda sine med tekstilar dei tok

frå rike burgunderar. Eg veit ikkje om historia er sann, men fenomenet er veldig interessant, seier ho.

I sine egne eksperiment nyttar ho silke-

trykk, plissering, kutting, kombinasjon av ulike stoff og kjemiske prosessar for å få fram dei tekstile uttrykka ho er ute etter.

Verdi gjennom omarbeiding

– Som tekstilkunstnar kan ein jobbe veldig fritt. Mange arbeider heilt digitalt, ein kan sende ein cd til ei bedrift og få dei til å lage det ein bed om. Ein kollega av meg får til dømes stoff vevd på store digitale vevstolar i Nederland. Eg og kollegaene mine jobbar alle med digitale medium, men samstundes har vi med oss kunnskap om dei grunnleggjande teknikkane.

Er så «det kostelege» noko vi i dag må til kunsten for å oppleve? Det vil ikkje Aarset utan vidare gå med på.

– I dag kan ein jo lage det meste industrielt, men eg vender heile tida tilbake til dette med at når ein kan sjå at noko er blitt omarbeidd på ein måte som krev tid og kompetanse, at materialet får eit nytt uttrykk og ein ny verdi gjennom omarbeidingsprosessen, så kjem det kostelege til uttrykk. ■

Kunsthøgskolen i Bergen (KHiB)

- Skolen er delt inn i tre avdelingar: design, kunstakademi og spesialisert kunst.
- Avdelingane for design og spesialisert kunst er vidare delt inn i fagområde, til dømes fotografi, møbeldesign og keramikk. Avdeling Kunstakademiet er for studentar som vil utdanne seg til profesjonelle kunstnarar.
- Skolen tilbyr bachelor- og mastergrader og etterutdanningsprogram.
- KHiB er koordinator for stipendprogrammet for kunstnarisk utviklingsarbeid.

WWW.KHIB.NO



Fotografiet er hentet fra bildebasen til Universitetsbiblioteket i Trondheim (UBiT). Hvilken avdeling bildet er tatt ved, eller hvilke problemer den arme mannen har, står det ingen ting om, opplyser UBiT. Fotograf: Ukjent. Hvis du har opplysninger om mannen på bildet, send gjerne en e-post til kjetil.brottveit@forskerforum.no. UBiT har leid ut fotografiet til bruk i Forskerforum.

20 NØTTER

1. Kva for nasjon fekk på slutten av 50-talet sin såkalla femte republikk, som framleis er gjeldande grunnlov?
2. Kva heitte den lykiske biskopen som ofte blir rekna som inspirasjonen for vår tids julenisse?
3. Kva slags fritidsaktivitet kan du ta PADI-kurs i?
4. Kva er Yggdrasil?
5. Kva slags separatistar stod bak ei rekke terrorhandlingar i Sverige tidleg på 70-talet, mellom anna drapet på ein ambassadør?
6. Kva slags dyr smykka logoen til Eventyrblandinga frå Asbjørnsens Tobakksfabrikk?
7. Kor inntreffe, for 25 år sidan, den verste industriulykka i verda nokon gong?
8. Kva heiter historieprofessoren som skulda Kjartan Fløgstad for tjuveri av forskingsstoff i romanen *Grense Jakobselv*?
9. Kva er det greske ordet for bedøving?
10. Kva for song inneheld lina «Decorations of red on a green Christmas tree won't be the same dear, if you're not here with me»?
11. Kven er Ole Petter Ottersen?
12. Kva slags drink har du fått dersom glaset har saltrand og inneheld tequila, limejuice, Cointreau og is?
13. I kva for amerikansk delstat heiter dei største byane Cincinnati, Cleveland, Columbus og Toledo?
14. Kva for to individuelle distansar gjekk dei mannlege langrennsløparane under OL i Oslo 1952?
15. Kva var Wolfsschanze, eller Ulvehiet?
16. Kva for operafigur syng refrenget «Om du ikkje elsker meg, så elsker eg deg, og elsker eg deg, skal du passe deg for meg»?
17. Kva vart Norsk Kommuneforbund og Norsk Helse- og Sosialforbund slått saman til i 2003?
18. Kva for amerikansk investor og svindlar vart sist sommar dømd til 150 års fengsel?
19. Kva for europeisk land hamna i djup krise i 1996 etter at regjeringa blant anna hadde oppmuntra til pyramidespel?
20. Kva slags tre var med sin flekkete bork eit utgangspunkt for dei kamuflasjemønstra uniformene til Waffen SS?



Kva er Yggdrasil?

1. Frankrike
 2. Nikolaus
 3. Dykking
 4. Verdstreet i nortøn mytologi
 5. Kroatiske separatistar
 6. Ein rev
 7. I den indiske byen Bhopal
 8. Historikaren Tore Pryser
 9. Amnesti
 10. Blue Christmas
 11. Rektor ved Universitetet i Oslo
 12. Frozen Margarita
 13. Ohio
 14. 18 km og 50 km
 15. Hitlers militære hovudkvarter i dåverande Aust-Prøyssen (dagens Polen)
 16. Carmen
 17. Fagforbundet
 18. Bernard Madoff
 19. Albania
 20. Platanen
- SVAR:

10 KJAPPE



INGER-LISE SÆTHER

Medlem nr. 30247092 i Forskerforbundet.

STILLING: Forsker ved Regionssenter for barn og unges psykiske helse i Oslo

UTDANNING: Dr. Scient. Logoped

FØRSTE STILLING: Lærer på Bergen tekniske skole

KARRIEREMÅL: Å ferdigstille mitt nåværende prosjekt før jeg blir pensjonist.

Tar med livserfaringene på jobb

– Hva jobber du med nå?

– Et forskningsprosjekt om barn og unge med en diagnose som i Norge oftest omtales som Di George syndrom. Disse barna kan blant annet ha ulike former for hjertefeil, forsinket tale- og språkutvikling og forsinket mental utvikling.

– Hvor tenker du best?

– For å holde på konsentrasjonen pleier jeg å veksle mellom kontoret på arbeidsplassen og hjemmekontoret. Innimellom kan også et rolig kaféhjørne være det beste.

– Hva er den viktigste fagboken i ditt akademiske liv?

– Festskrivet for Bredtvet kompetansesenter for logopeders 50-årsjubileum i 1969! Dette satte søkelys på forståelsen og behandlingen av barn med språk- og talevansker. Innsatsen fra pionerene her gjorde et sterkt inntrykk på meg og inspirerte meg til å ta fatt på doktorgraden i logopedi.

– Hva er tabu i ditt fag?

– Brudd på konfidensialitet.

– Hva skal til for å bli en god forsker på psykisk helse?

– Klinisk erfaring og evne til å samarbeide tillitsfullt med andre fagpersoner. Jeg vil også trekke fram den merverdi som egne livserfaringer gir.

– Hvem er den beste læreren du har hatt?

– Her må jeg nevne to: min veileder på hovedfag, Barbro Sætersdal, og min doktorgradsveileder, Edvard Befring.

– Dersom du måtte velge deg et annet fagfelt, hva ville du falt ned på?

– Det er vanskelig å si, ettersom jeg er blitt såpass formet av de ulike yrkene jeg har hatt. Men jeg begynte som filolog med historie som et av mine mellomfag, og menneskers livsvilkår og de prosessene som muliggjør utfoldelse, har alltid interessert meg.

– Om du var forsknings- og høyere utdanningsminister, hvilket enkelttiltak ville ha vært viktigst for deg å få gjennomført?

– Da ville jeg slått et slag for den frie forskningen. Norge er riktignok en liten nasjon, og vi har kanskje ikke ressurser til å engasjere oss i alt. Men sjeldne fenomener har altfor liten sjanse til å nå opp i konkurransen om de store programmidlene.

– Hvor var du EU-avstemningskvelden 1994?

– I Oslo.

– Hva vil du lese mer av i Forskerforum?

– I de siste utgavene har dere publisert historiske foto. Gjerne mer av det! Jeg kan også ønske meg mer forskningshistorisk stoff. Vi må kjenne konteksten vi står i.

AV HELENE LINDQVIST

Professorar i solnedgang

KVA BILETE HAR DU av eldre professorar? Eitt bilete kan vere av dei utbrende, utslitne, som er pressa frå alle kantar, av teljekantar og timerekenskap. Eit anna liknar kanskje på det ein finn i hovudoppslaget i dette bladet. Blindern-professorane Anders Gustavsson og Karin Gundersen framstår med iver og overskot.

Artikkelen dreier seg om nøgde eldre i akademien. Denne gruppa har ei sut, men det er ikkje publiseringspress eller krav om å henge med ungfolane på 50 som uroar dei. Suta er at dei snart må pensjonere seg. Er det mogeleg å få halde fram nokre år til?

– Det er no eg har nådd høgdepunktet som forskar. Som alle andre her har eg 50/50 fordeling mellom undervisning og forskning, men eg blir ikkje sliten, seier Gustavsson, som er professor i kulturhistorie. Andre har understreka eit liknande poeng før: Det var fyrst i høg alder at den banebrytande forskinga vart til.

Gjennomsnittleg pensjonsalder i Noreg er om lag 64 år. Professorane ved Universitetet i Oslo (UiO) er i gjennomsnitt 68 år når dei går av med pensjon. Som snittalder må dette seiast å vere eksepsjonelt høgt. Ein kan nesten gå ut frå at det er litt trivsel inni biletet.

Avstanden vert stor til det A-magasinet kallar «statens feriekлуб». I ein artikkel før jol var temaet kor mykje avtalefesta pensjon kostar samfunnet. Ordninga som var meint for dei utslitne, vert òg brukt av dei som fyrst og fremst har lyst på fritid.

– Unge, friske eldre velger fritid på andres bekostning. Det er rett og slett sløsing med landets viktigste ressurs – arbeidskraften. Det seier Knut Røed, seniorforskar ved Frischsenteret, UiO til A-magasinet. Han peikar slik på ein kostnad ved eit ærerikt fenomen i velferdsstaten: *Universelle* ordningar. Alle skal få.

48 000 personar har i dag AFP. Frå 2006 til i dag har berre fem professorar frå UiO gått av med AFP. Denne pensjonsordninga favoriserer ikkje professorar, som kan tene mykje på

å arbeide lenge, og til slutt få pensjon i tillegg til å samle verdifulle pensjonspoeng. Dei har starta arbeidslivet seint utan å få pensjonspoeng under utdanning, og dette er eit argument for å halde fram litt lenger.

No er 68-ane i AFP-alderen, men mange vitenskapleg tilsette kjem nok framleis ikkje til å slutte tidleg. Ei gruppe stoppar ikkje ved 67 heller – dei held fram til dei er 70, og har ingen planar om å gje seg.

Mange av professorane som går av med pensjon held fram i forskingsmiljøet. Som professor emeritus kan ein behalde kontorplatsen og forske vidare. I tillegg bruker universiteta pensjonistar til ein del oppdrag, truleg dels fordi dei er billig arbeidskraft.

Men ein del er ikkje nøgde med ein kontorplatt: Den nemnde Anders Gustavsson ynskjer å delta for fullt i forskinga og arbeidslivet. Han seier i artikkelen at det er aldersdiskriminering å måtte gå av berre fordi ein er 70 år. Professor Ivar Bjørgen ved NTNU har lenge vore oppteken av denne saka:

– Aldersgrenser er til for å beskytte individet, ikke begrense retten til arbeid. Det innebærer en rett til å slutte, ingen plikt, har han sagt til Universitetsavisen. Den generelle aldersgrensa i offentlig sektor er 70 år, men lova opnar for forlenging dersom medarbeidaren framleis oppfyller krava til stillinga. Dette er det opp til «tilsettingsmyndigheten» å avgjere. Universitetsavisen fortel at Psykologisk institutt ved NTNU har innført denne praksisen: Når

nokon nærmar seg aldersgrensa, kan leiinga ved instituttet og den tilsette drøfte forlenging av tilsettingsforholdet. Bjørgen har sjølv hatt to forlengingar etter at han fylte 70. Regjeringa har lagt spørsmålet om aldersgrensa på is, men må snart tenkje på dette paradokset: Sjølv om van-

leg aldersgrense er 70, kan ein frå 2011 ein tene opp pensjonspoeng til ein fyller 75!

I løpet av nokre få år kjem om lag ein tredel av dei vitenskapleg tilsette til å nå vanleg pensjonsalder. Korleis kan ein best erstatte dei? Korleis kan ein best sikre ei verdig og rettferdig avslutning på arbeidslivet? Tilbake til temaet universelle ordningar: Kunsten er å finne eit smidig system med den rette kombinasjonen av hovudregel og

unntak. Di meir ein opnar for meir individuell handsaming, di større vert risikoen for tvil, vanskelege vurderingar og urettferd. Omsynet til samfunnsøkonomi bør elles vege tungt: Det kostar svært mykje å utdanne og kvalifisere folk til vitenskaplege toppstillingar, og det er sløsing med ressursar å ikkje ta vare på kompetansen dei har opparbeidd. Dersom dei held på lenge, får ein òg betre tid til å erstatte dei, og syte for at kunnskapen så langt som råd vert overført innan dei sluttar. Fagmiljø kan vert utarma ved aldersavgang, fag kan til og med vert lagde ned.

Ein del yngre akademikarar ynskjer nok at folk ikkje skal tvihalde på professorkontora sine lengst mogeleg. Men ein eventuell interesse-motsetnad vert mindre direkte ettersom det langt frå er sjølv sagt at «tome» professorat vert fylde på ny. Som svar på ein eventuell interesse-motsetnad, er seniorstipend eit verktøy som ligg klart i kassen. Ordninga med seniorstipend vart avvikla i 1999. Stipenda skulle dekkje differansen mellom løn og pensjon i tillegg til driftskostnader. Slik fekk ein behalde ekspertisen samtidig som ein kunne tilsette nye forskarar.

Det er ikkje dristig å påstå at seniorane kjem til å verte ei sterkare interessegruppe i åra som kjem. Der er nok fleire som professor Gustavsson, som går på og ikkje vert slitne. «Skal ein lage mote i dag, bør ein lage seniormote», seier moteskapar Per Spook.

Eg trur det skulle vere høveleg å avslutte med denne ytringa.

Fagmiljø kan vert utarma ved aldersavgang.



Redaktør
Kjetil A. Brottveit

Ein kan nesten gå ut frå at det er litt trivsel inni biletet.

LEDER KRONIKK DEBATT BØKER

Send kronikkforslag til kjetil.brottveit@forskerforum.no. Kronikkens lengde må ikke overstige 10 000 tegn, inkludert mellomrom. Bidrag som trykkes honoreres med kr. 2.000,–. Innlegg må være maksimum 2000 tegn hvis de skal komme på trykk og blir ikke honorert.

Bologna tur-retur

Flere europeiske land innfører skolepenger for utenlandske studenter. Norge bør beholde offentlig finansiering, mener kronikkforfatter Eirinn Larsen. Hun etterlyser en langsiktig utdanningspolitikk som tar den internasjonale konkurranse situasjonen inn over seg.

Innføringen av et europeisk område for høyere utdanning innen 2010, som er målet med Bologna-prosessen, har gjort utdanningsstrukturen i Europa mer lik. Men innenfor dette området er det likevel nye forskjeller å spore blant annet i form av økende bruk av skolepenger for studenter fra land utenfor EU/EØS. Den globale finanskrisen har påskyndet differensieringen. Europeiske skattebetalere vil ikke lenger påkoste høyere utdanning for andre enn sine egne.



Av Eirinn Larsen, seniorforsker ved Forum for universitetshistorie, Universitetet i Oslo og postdoktor ved Senter for næringslivshistorie, BI

OECD var blant de første til å tale for de fordeler skolepenger gir når målsettingen er høy kvalitet i utdanning. Det skal skjerpe forventningene i utdanningsmarkedet og hos den utdanningssøkende selv, slik at konkurranseevnen hos den enkelte institusjon stiger. I tillegg er det utvilsomt en måte å finansiere høyere utdanning på. Og det er en kombinasjon av disse motivene som nå vinner gjenklang i flere europeiske land, våre nordiske naboer inkludert.

I de to tyske delstatene Bayern og Baden-Württemberg, for øvrig de mest velstående i den tyske føderasjonen, har man operert med skolepenger for utenlandske studenter i lengre tid. Ved Det Tekniske Universitet i München (TUM) var innføringen av begrensede skolepenger for internasjonale studenter del av en større omstillingsprosess med mål om økt utdanningskvalitet og samarbeid med privat næringsliv. I begynnelsen skapte skolepengene mye debatt og motstand. Nå diskuteres det ifølge visepresidenten ved TUM, Liqiu Meng, bare hvor høyt man

kan gå over dagens 500 euro for ett semesters studium, gitt at universitetet stadig klatrer oppover på Times-rangeringen. Å beholde 55.-plassen fordrer dedikerte og talentfulle studenter og ansatte foruten penger.

I Nederland er prisene på høyere utdanning for internasjonale studenter også på vei opp. Siden januar 2008 har universitetsadministratorer og faglig ansatte måttet finne både reelle og strategiske svar på spørsmålet om hvor mye en student skal koste. Ved Universitetet i Leiden hanket de like godt inn en ekspert fra Australia: professor Robert Coelen. I løpet av sin korte virketid som visepresident for internasjonale relasjoner har Coelen doblet skolepengene til et nivå som står i stil med kostnader, renommé og ranking. Da har man også råd til å sponse de mest talentfulle (men minst pengesterke) blant utlendingene. For bruken av skolepenger fordrer engasjement overfor studenter som presterer faglig, men ikke kan betale.

Australia var tidlig ute med å innføre markedsstenkning i organiseringen av høyere utdanning. Dette har også gått ut over det australske utdanningssystemets globale troverdighet. Hva som likevel glemmes når norske utdannings- og teknokrater snakker nedsettende om australske «surferuniversiteter», er at utlendingenes skolepenger har muliggjort en formidabel kvalitetsheving «Down under», i alle fall ved enkelte institusjoner. Ved å få frie tøyler i fastsettelsen av prisen for internasjonale studenter kunne inntektene som i begynnelsen var et substitutt for synkende offentlige tilskudd, allokere der hvor potensialet var størst. Australia har i dag

seks universiteter blant verdens 50 beste høyere utdanningsinstitusjoner. Takket være dereguleringen og liberaliseringen av de norske studiefinansieringsordningene på slutten av jappetiden foregikk noe av denne kvalitetshevingen også ved hjelp av norske skattepenger. Bare på få år etter endringene i Lånekassens reglement, i 1993/94, gikk antallet norske studenter i Australia fra omtrent 0 til 4000. Klart det ikke kunne vare.

«I was there when the Norwegian delegation went through», fortalte den nyansatte Coelen ved universitetet i Leiden da vi senhøstes møttes på et internasjonalt policyseminar i regi av det Svenske instituttet, Kungliga Tekniska högskolan og ACA – en Brussel-basert privat organisasjon innen høyere utdanning. Han siktet til daværende utdanningsminister Kristin Clemets rundreise i Australia i 2004. Kort tid etter ble det endringer på sakene. Nye regler gjorde at tilføringen av norske skattepenger til australske universiteter gikk ned. Det var spesielt de som opererte med høye skolepenger uten tilsvarende høy kvalitet, som skulle tas. I en norsk UH-sektor hvor utdanningskapasiteten fremdeles er god, og ressursene følger studentene og resultatene, kan dyre og dårlige utdanningstilbud i utlandet vanskelig rettferdiggjøres.

I Danmark var innføringen av nytt finansieringssystem foranledningen for nyordningen med skolepenger for utenlandske studenter. Overgangen til resultatbasert finansiering skulle gjøre det mulig for danskene å studere i utlandet på statens regning. Til gjengjeld skulle danske universiteter kunne ta

«Europeiske skattebetalere vil ikke lenger påkoste høyere utdanning for andre enn sine egne.»



skolepenger av utenlandske studenter med opprinnelse utenfor EU/EØS. Tanken var skjerpet konkurranse ut i fra like vilkår. Siden 2006 har danske høyere utdanningsinstitusjoner krevd skolepenger på en skala fra 41 000 til 99 000 danske kroner per år avhengig av studiets kostnadsnivå. Et eget stipendprogram skal sikre at det likevel blir attraktivt å studere i Danmark. Men i påvente av ordningen har andelen studenter med opprinnelsesland utenfor EU/EØS bare fortsatt å synke.

Redselen for at de internasjonale studentene skal forsvinne, er også til stede i Sverige når de i september 2011 følger Danmarks eksempel. Regjeringen og Riksdagens eneste krav til de

siv nytenking fra Kunnskapsdepartementet er det neppe. Det er heller kunnskapsimport av det enkleste slaget, langt fra den strategiske internasjonaliseringen de selv postulerer, hvor målet er bedre kvalitet og relevans i norsk høyere utdanning gjennom økt internasjonalisering. Skulle de likevel velge det første, er det flere kompliserende spørsmål som må tas stilling til. To av dem er skolepenger og internasjonale kvalitetsrangeringer.

I St.meld. nr. 14 (2008–2009) *Internasjonalisering av norsk utdanning*, som ble lagt fram i februar i fjor, foreslår regjeringen å nedsette en komité som skal gi nye retningslinjer for stipend og lån til norske studenter i utlandet. Tan-

internasjonale studenter i Norge eller den pågående differensieringen i Europa når det gjelder skolepenger og arbeidet for økt konkurranedyktighet og kvalitet i utdanning. Meldingen tar heller ikke på alvor det globale konkurranseforholdet i høyere utdanning. For det er ikke bare mellom norske utdanningsinstitusjoner kampen om studentene og ressursene i dag står. Den står også mellom norske og internasjonale universiteter og høyskoler som følge av at stadig mer av de offentlige ressursene til sektoren er resultatbaserte.

Vi er vitne til nok en bølge av innføring av betaling for utenlandsstudenter i Europa. Den første bølgen begynte på 1960-tallet og derfor lenge før vi var i EU gjennom EØS. Da ble det både vanskeligere og adskillig dyrere for norske studenter i utlandet, et område som ifølge datidens lånekassereglement kun innbefattet Vest-Europa og Nord-Amerika. Foranledningen for restriksjonene var massesøkningen til høyere utdanning og lav utdanningskapasitet. Men 1970-tallets avindustrialisering og økonomiske kriser påskyndet prosessen, spesielt i et land som Storbritannia. Og i kampen om knappe ressurser valgte flere land den gang som nå, å ta seg betalt for arbeidet og prioritere egne studenter framfor andres. I 1962 meldte for eksempel Aftenposten om at vesttyske myndigheter så seg nødt til å prioritere internasjonale studenter fra utviklingsland «som i motsetning til Norge ikke selv kan forutsette å kunne utdanne sin egen akademiske arbeidskraft» (18. juni 1962). Å lese Aasland – i den samme avisen – mer en førti år seinere gir derfor ikke bare følelsen av at vi har vært her før. Det vitner mest om en utdanningspolitikk uten langsiktighet og en sprikende internasjonaliseringsstrategi bestående av fagre ord og glansbilder. At Europa er i ferd med å skifte fokus, er det derfor ingen interesse for her oppe hvor engelen fortsatt synger så søtt om Bolognaprosessens globale dimensjon.

«Utlendingenes skolepenger har muliggjort en formidabel kvalitetsheving 'down under'.»

svenske institusjonene er at skolepengene må dekke *alle* kostnadene. Slik skal det offentlige spare 500 millioner svenske kroner per år.

Skattefinansiert utdanning for utenlandske studenter er i utgangspunktet en ressurs for norske universiteter og høyskoler. Ordningen burde derfor ikke erstattes med det som Danmark har innført, Sverige skal innføre, og de finske universitetene er satt fri til å gjøre, hvis de selv vil. Offentlig finansiering av utenlandske studenter er en rimelig måte å sikre et minimum av studenter med opprinnelse utenfor Norge og Europa. Dessuten er det en alternativ måte å betale tilbake noe av det Norge har fått, og fremdeles får, av rike utdanningsmuligheter ute. At forskningsminister Tora Aasland i et intervju i Aftenposten før jul nå vurderer å øke andelen norske utenlandsstudenter for å møte 1990-tallets store ungdomskull, er derfor interessant (30. november 2009). Men tegn på offen-

ken er å ytterligere oppmuntre de som kommer inn på kvalitetsinstitusjoner i utlandet, hvor der er «real value for money». Studentene som ikke klarer det, skal oppfordres – ved hjelp av økonomiske insentiver – til å gå for utdanningsinstitusjoner uten skolepenger, men hvor kvaliteten likevel anses som god eller lik den norske. Jeg tror dette komitéarbeidet blir vanskelig. Det er ikke noe en-til-en-forhold mellom skolepenger og kvalitet. Samtidig vet vi at kvalitet i utdanning også følger studentene, fordi flinke studenter vet å kreve mer av både underviser og institusjon. Men vi vet også at studenter som kan betale selv, ikke alltid er blant de beste, men gjerne blir det i form av sin økonomiske og sosiale kapital. Og ved de betalende eliteinstitusjonene er det bare de beste, eller?

Foruten fraværet av kraftfulle tiltak har internasjonaliseringsmeldingen flere mangler. Den reiser verken spørsmålet om finansiering av

Kreativitet som problem

Tilliten til ei sakprosabok kviler på at forfattere er sakleg, etterretteleg og kjend med grensene for kunnskapen sin.


Mennesket er eit konformt vesen, taktfaste og samstemde opptrer dei fleste av oss konvensjonelt i samsvar med førestellingane og normene i dei sosiale samanhengane vi inngår i. Til og med avvikarane blant oss er konforme, dei lagar sine eigne subkulturar der dei opptrer likearta med valfrendane sine. Og også forskning, ein aktivitet som jo har ny tenking og ny kunnskap som føremål, kviler på felles normer og rutinar. Så arbeider då også dei fleste forskarar innafor bestemte paradigme, dei syslar med mindre puslespel i forskarfellesskap samla om omgrep, modellar og problemstillingar dei tar for gjevne som sikre utgangspunkt.

Men nokre forskarar evnar å formulere radikalt nye teorian, av og til med vidtrekkande vitenskaplege, tekniske og sosiale implikasjonar og konsekvensar. Store namn i naturvitenskapane er Aristoteles, Kopernikus, Galilei, Kepler, Newton og Einstein. Og store namn i vitenskapsfilosofien er den same Aristoteles, Descartes, Hume, Kant, Popper og Kuhn. Dei er også sentrale namn i Bjørkum si bok, med den lovande tittelen *Annerledestenkerne. Kreativitet i vitenskapens historie*. For ein god idé, tenkjer eg, å spørje kva desse og andre som skapar nye teorian, har felles som kan fortelje oss noko om kva vitenskapleg kreativitet er.

Boka kan lesast som ei vitenskapshistorie, særlig om naturvitenskapen. Og det er kanskje på dette området ho er vellukka. Ho får meg til å minnast møtet mitt med Bernals vitenskapshistorie, som 14-åring, og eg tenkjer at eg kanskje ville ha opplevd den same begeistringa, eller kanskje til og med større begeistring, dersom eg las Bjørkum si bok som ungdom. For Bjørkum formidlar dei intellektuelle tankespranga i naturvitenskapshistoria på det som for meg ser ut til å vere ein relativt presis måte, og han krydrar dei med anekdotar om persondrag ved dei intellektuelle heltane i dette naturvitenskaplege eposet, anekdotar som

viser at store intellektuelle også kan vere små menneske.

Men etter kvart som eg også les om teoretikarar og teoretiske prosjekt eg kjenner litt til, utover sekundærlitteraturkjeldenivået, vert eg usikker. Sjølve framstillinga av Kant eller eksistensia-



Per Arne Bjørkum
Annerledestenkerne. Kreativitet i vitenskapens historie
Universitetsforlaget, 2009
(Revidert utgåve. 1. utgåve kom i 1998.)
424 sider
Rettl. pris: kr 429

lismen kan vere grei nok, men tolkingane til Bjørkum er for meg ofte uforståelige, nesten naive, som når han skriv: «Noen spørsmål i livet er imidlertid av en slik art at det kan være best at man ikke stiller dem.» Eit anna literært lågpunkt er ein halvside «analyse» av legevitenskapen. Slike passasjer kan det verke urimeleg å trekke fram, for dei betyr ikkje noko for argumentet hans. Men djevelen sit i detaljane, ikkje minst i sakprosaen: Tilliten til ei sakprosabok kviler på at forfattere er sakleg, etterretteleg og kjend med grensene for kunnskapen sin. Opplever eg som lesar fleire døme på at forfattere bryt desse normene på saksområde eg har litt kunnskap om, begynner eg også å tvile på det som står på område eg har lite kunnskap om. Kontrakten mellom forfattere og meg som lesar er broten.

Eg blir ikkje mindre usikker av at boka er prega av uklar

referansebruk, med følgjande grunngeving: «Bruken av kildehenvisning er av hensyn til flyten i teksten holdt på et minimum.» Eller av at forfattere i løpet av nokre linjer feller enkle dommar over komplekse saksforhold utanfor det naturvitenskaplege domenet: Romerrikets utvikling, behaviorismen, økonomisk teori og postmodernismen er berre stikkord på ei lang liste.

Boka kan, for det andre, lesast som ei innføringsbok i vitenskapsteori. På det området finn eg henne konvensjonell og lite interessant. For det tredje kan ho lesast som ei innføring i vitenskapleg kreativitet. Og det mest overraskande for meg og lesesirkelen min i Seilduksgata er at boka i liten grad tilbyr ein systematisk analyse av kva vi kan lære om kreativitet av vitenskapshistoria. Nokre ansatsar, basert på det veletablerte skiljet mellom teoriutvikling og -grunngeving, finn vi rett nok. Forfattere skil mellom teoriutvikling som ein kreativ prosess med irrasjonelt islett, basert på induktive slutningar, tankeeksperiment og fysiske bilete og analogiar, og den teori grunngevingande og -testande delen som stiller krav til logisk stringens og statistiske analysar. Men vi får lite systematisk kunnskap om vilkåra for kreativ tenking. Dette temaet, så framtrædande i tittelen og i marknadsføringa av boka, blir i beste fall berre implisitt presentert gjennom skildringar og anekdotar frå vitenskapshistoria.

Slik minner boka oss om at det å vere kreativ og original krev langt meir enn det å kaste fram idear og synspunkt. Det krev at ein i neste fase, når ein idé eller ein teori er formulert, underkastar han kritisk analyse. Kravet til logisk konsistens og sakleg grunngeving er ikkje tilstrekkeleg til å avklare posisjonen til konkurrerande teorian. Men det kan vere tilstrekkeleg til å avklare om ein teori eller ei fagbok i det heile er interessant.

AV ODDGEIR OSLAND

Perler for Stillehavet



Torbjørn Helle,
Ane Hoel, Hilde
Bondevik m.fl.
*P2-akademiet,
bind XLI*
Transit 2009
189 sider
Veil. pris: kr 250

For lenge, lenge siden satt jeg klar med tommel'n på *play* og pekefinger'n på *rec* mens jeg hørte radioforedrag i P2-akademiet. Jeg ville ikke gå glipp av noe, siden foredragene ofte handlet om bra ting. Derfor overrasker det meg at jeg etter å ha lest P2-akademiets 41. bind, må innse at det er flere teknologiske duppeditter siden jeg sist faktisk hørte et radioforedrag. Enn si leste. Hva kan det komme av?

Radioforedragene har eksistert siden radioens fødsel på tjuetallet. Bøkene, som kommer ut tre ganger i året, har eksistert siden midten av nittitallet. For ordens skyld: Kassettspilleren kom i allmenn bruk i 1963. Og for paradoksets skyld: Forskerforbundet har i dag over 1600 followers på Twitter.

Det er fagfolkene som utgjør bokens styrke på innholdssiden, bredden er stor og perlene mange. Ett av foredragene diskuterer kjærlighetens forrykte tale blant annet gjennom kjærlighetslyder som «aouuuu» eller «mmmmm», et annet byr på mellomtittelen *Hudens genetik* og et tredje siterer Høysangen; *kjærligheten er sterk som døden*.

Jeg skulle ønske foredragene var mer ambisiøse på perlenes vegne. Selv om bredden både blant fagfolk og tema er en klar styrke, så reduseres de til et *alt* og *ingenting*. Det er som om de driver prøvesprengning langt ute i Stillehavet, og til alt overmål fra vakleborne utskytingsramper. Er det virkelig dét man vil med «noen av landets fremste fagfolk» som utvalget av foredragsholdere beskrives som på bokpermen?

Det er lenge siden folk satt klar til å presse ned *rec*. I dag er det *oppmærksomheten* som er knapphetsgodet. Derfor må innholdet lete opp leseren der oppmerksomheten hennes er, og de må vise henne at det er verdt det. For å oppnå dét har radioforedragene etter min mening flere alternativ. De kan enten dyrke det formmessig reaksjonære enda mer, og bli et slags fristed fra teknologien, der ansiktsløse, langsomtkvitrende refleksjo-

ner lar leseren ligge (nesten alene) og hvile i dem. Men da må pennene – ikke bare stemmene – være god nok. Drivende nok. Høyttenkende, og modige nok.


De kunne også ha gått motsatt vei. De kunne ha lagt vekk iveren etter å skaffe seg faglig legitimitet gjennom en akademisk form, og heller satset sterkere på den journalistiske formidlingsformen der detaljene er flere og fortellingen er tydeligere. Slik kunne terskelen for å komme inn i stoffet ha blitt lavere, enklere.

Man kan også gjøre foredragene mer aktuelle i dagens mediehverdag. Da bør foredragene publiseres digitalt rett etter sending, for så å komme i bokform så raskt som mulig – og ikke komme ut to år etter at de ble sendt.

Både fagfolkene og redaksjonen kan dessuten bruke de sosiale mediene aktivt. *Tweets* kan aldri erstatte foredraget, men hvis ikke foredragene forholder seg aktivt til den teknologiske utviklingen utdefineres de som premissleverandører for offentlighetens debatter. Da reduseres de til ubetydelige perler kun egnet til å pynte opp i besteborgerlige aftenskonversasjoner der *ufarlig* er en hedersbetegnelse, og der konsensus er en livsbetingelse.

AV RAGNHILD FJELLRO

Bløffmakeri på sitt beste



Tore Sørensen
Bløffer og bløffmakere. Episoder i bedrageriets kulturhistorie
Andersen og Butenschön,
Oslo 2009
399 sider
Rettl. pris:
kr 349

Endeleg ei bok som gjev oss gode alternativ til å leva eit ærleg liv. Kulturhistoria til bløffmakeriet viser oss kor utruleg letturte folk er, og kan freista den streitaste til å prøva seg som UFO-observatør eller helseprofet.

Ein bløff er ei oppdikta historie som blir framstilt som sann for å tena pengar eller bli berømt, og han har ein ibuande risiko for å bli avslørt. Forresten kan ein bløff gjerne vera ein fabrikkert gjenstand som det vert spunne ei historie rundt. Det er eit element av vennlegsinna narring i ein god bløff, og dersom han blir avslørt, får avsendaren oftare herostratisk ry enn fengselsstraff. Det dreier seg ikkje om vondsinnna ting som løgn, plagiat eller tjuveri.

Sørensen presenterer eit fan-

tastisk galleri av sjarlatanar. På 1820-talet gjorde kaptein Eades stor suksess med «Havfrua frå Batavia». Denne bløffen illustrerer ein tradisjon for å stoppa ut dyr på kreative måtar, der ei godt utført samansying av ein laks og ein apekatt blei til ei havfrue. Visste du forresten at havfruene tidleg på 1800-talet hadde eit forpint uttrykk i ansiktet og likna på eit torturert barn?

Ein interessant bløff blei utført av franskmannen Lucas på 1860-talet. Han tente gode pengar på forfalska brev og manuskript, og det er merkverdig kva han fekk selt. Her er brev frå antikke skikkelser som Augustin, Caligula og Kleopatra, eit brev til Jesus frå ein gallisk doktor kalla Antonius Castor, og ikkje minst eit brev frå profeten Muhammed til kongen av frankarane. Det pussigaste av alt er at Lucas fekk selt alle desse breva sjølv om dei var skrivne på moderne fransk.

Frå USA kjem det ein lang serie med bløffar som har massemedia i ei sentral rolle. På 1830-talet etablerte Benjamin Day The New York Sun, og denne avisa presenterte dei mest fantastiske historier. Han var flink til å kopla teknologiske nyvinningar til historiene sine, og treffe gullfuglen då ein oppfinnar hadde laga eit 40-fots teleskop som sto på Kapp det gode håp. The

Sun rapporterte om levande dyr på månen, med frodig vegetasjon og pelikanar. Etter som dagane gjekk, observerte dei også flaggermusliknande menneske med koparfarga hår. Det er knapt nødvendig å seia at the Sun selde aviser i hundretusental.

Sjølvs om boka er sjarmerande, er ho inst inne ein bløff. Alt tyder på at Tore Sørensen ikkje er bløffolog og leiar av Humbogoteket i Oslo. Eg har søkt på Google og brukt Retriever, men finn ikkje korkje telefonnummer eller gateadresse. Kanskje han eigentleg er bussjåfør?

Dette er amatørhistorie. Forfatternen følgjer ikkje temaet sitt systematisk fram til vår tid, og han held seg heller ikkje ryddig til eit land eller ein kulturkrets. Sørensen skriv om det han tilfeldigvis kan, og dei fleste historiene er frå USA på 1800-talet.

